

Tilskott til tiltak i beiteområde Lokale vedtekter 2024-2027

Stranda kommune



KOM – xxx/24

FOR – xxx/24

MK – xxx/24

Innhald

Innleiing	3
Forvaltning.....	3
Prioritering og løyving av midlar	3
Føremål (§ 1)	5
Vilkår for tilskott (§ 2).....	6
Kva det kan gjevast tilskott til	7
Ad. A: Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt	7
Ad. B: Tilskot til investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk.....	7
Utrekning av tilskott (§ 3).....	8
Søknad og utbetaling (§ 4)	9
Frist for gjennomføring av tiltak (§ 5)	10
Opplysningsplikt og kontroll (§ 6)	10
Omgjering og tilbakebetaling (§ 7)	11
Innkrevjing av tilbakebetalingsbeløp m.m. (§ 8)	11
Administrasjon, dispensasjon og klage (§ 9)	12
Stranda kommune sine utfordringar m.o.t. beitebruk	12
Vedlegg:.....	14
Fordeling på tiltaksgrupper og rettleiande støttesatsar	14



Innleiing

Desse vedtektene gir retningslinjer for lokal forvaltning av, og utfyllande kommentarar til *Forskrift om tilskott til tiltak i beiteområde* som tidlegare (inntil 1.1.2020) vart administrert av Fylkesmannen (no: Statsforvaltaren).

Forvaltninga av tilskotsordninga vart overført frå Statsforvaltaren til kommunane frå 1.1.2020, jf. *Forskrift om endring av forskrift om tilskott til tiltak i beiteområde* av 03.10.2017 (endringsforskrifta). Statsforvaltaren er dermed klageinstans, og skal også ha ein koordinerande og støttande funksjon for kommunane si forvaltning.

Frå 2020 tok ein i bruk fagsystemet Agros for denne tilskotsordninga. Søknader skal dermed primært sendast inn elektronisk via Altinn.

Forvaltning

Fordeling av årleg økonomisk ramme

Økonomisk ramme for tilskotsordninga vert tildelt årleg gjennom tildelingsbrev frå Landbruks- og matdepartementet til statsforvaltarembeta.

Statsforvaltaren fordeler midlane vidare til kommunane og avgjer fordelinga t.d. ved å hente inn prognosar for behov frå kommunane.

Statsforvaltaren kan også fordele om på midlar mellom kommunar innanfor kalenderåret.

Prioritering og løyving av midlar

Det er kommunane som prioriterer søknadene og løyver tilskott. Som grunnlag for prioriteringane skal kommunane fastsette lokale retningslinjer innanfor ramma av forskrifta ([FOR-2013-02-04-206](#)) og [Rundskriv 2019-45](#) frå Landbruksdirektoratet. Dei lokale retningslinjene (desse) skal fastsetje kva for tiltak som vil bli prioriterte ut frå kva som er føremålstenlege regionale og lokale tiltak for beite-/utmarksforvaltninga i kommunen.

Retningslinjene kan også innehalde timesatsar for eige arbeid som kan leggest til grunn for kostnadsoverslag for tiltaka, og tilskottsatsane til ulike typar tiltak ut frå kva som vert vurderte som mest føremålstenlege tiltak ut i frå regionale og lokale forhold. Kommunen kan vektlegge søkjaren sin eigenfinansiering (målt i kroner eller eigeninnsats) som eit kriterium for prioritering av søknader. Dersom kommunen vel å gjere dette, må det gå fram i dei lokale retningslinjene.

Retningslinjene bør sjåast i samanheng og koordinerast med tiltaksstrategien for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), då det kan være aktuelt med tiltak som kan falle inn under bae ordningar.



Retningslinene skal kunngjerast (heimeside og/eller lokale media) i tilknytning til kommunen si årlege utlysing av midlar for ordninga der også søknadsfristen er oppgitt

Om utrekning av tilskott, sjå forskrift § 3

Søknad

Det elektroniske søknadsskjemaet ligg på nettsida Altinn:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>

Sjå også kommentarar til § 4 i forskrifta om Søknad og utbetaling i del B.

For søkjarar som ikkje har moglegheit til å søkje elektronisk ligg skjema i pdf-versjon tilgjengeleg på Landbruksdirektoratet si nettside. Skjemaet kan fyllast ut, signerast og sendast saman med naudsynte vedlegg til kommunen.

Søknaden skal sendast kommunen der tiltaket skal gjennomførast. I tilfelle der eit tiltak vil strekkje seg over to eller fleire kommunar skal søknaden sendast til den kommunen der følgjene av tiltaket er størst. Kommunen som tek i mot ein slik søknad må informere andre kommunar om kva tiltaket omfattar, søknad og ev. tildeling.

Vedtaksbrev

I regelverk for økonomistyring i staten er det gitt utfyllande føresegner om forvaltning av tilskotsordningar. Tilsegn om tilskott på grunnlag av innvilga søknad skal stadfestast med vedtaksbrev. Dette er eit einskildvedtak og skal grunngjevast i samsvar med forvaltingslova.

Agros produserer vedtaksbrev automatisk basert på ein felles mal. Det finst malar for innvilga tilskott, avslag og avvising. Informasjon frå sakshandsamar/vedtaksmynde vert fletta inn i malen.

Søknaden kan m.a. avvisast dersom den ikkje oppfyller føremålet med ordninga, openbert bryt med vilkåra i § 2, eller er sendt inn etter søknadsfrist. Samstundes har forvaltninga ei alminneleg rettleiingsplikt og må vurdere å etterspørje tilleggsopplysningar dersom ein innsendt søknad er mangelfull, men oppfyller minstekrava. Eit avvisingsvedtak treng berre å grunngi kvifor søknaden ikkje vert teken til handsaming.

Vedtaksbrev om løyvd tilskott skal innehalde:

- Kort oppsummering om tiltaket tilskottet skal nyttast til («Bakgrunn for saka»)
- Grunngjeving for vedtaket, her under tilskottsbeløp (vert fletta inn i teksten)
- Vilkår for tilskottet, dvs. frist og ev. særskilte vilkår for det einskilde tiltaket
- Reglar om rapportering og utbetaling
- Kontrolltiltak som kan bli sett i verk, med tilvising til § 6 i forskrifta



KOM – xxx/24

FOR – xxx/24

MK – xxx/24

- Reglar for omgjeriing av vedtak og tilbakebetaling
- Opplysning om moglegheitene for klage

Dei tre øvste punkta i denne lista vert fastsette særskilt frå sak til sak der det er felt i sakshandsamarverktøyet som skal eller kan fyllast ut. Desse felte vert automatisk fletta inn i teksten ved generering av vedtaksbrevet. Andre punkt er standardtekst i brevmalen.

Brev med avslag på søknader om tilskott skal innehalde:

- Kort oppsummering av tiltaket det er søkt om
- Grunngeving for avslaget
- Opplysning om moglegheitene for å klage

I tilknyting til dei to første punkta er det tekstfelt som skal fyllast ut, medan det siste punktet er standardtekst.

B. Kommenterarar til føresegnene i nasjonal forskrift

Føremål (§ 1)

Føremålet med tilskottet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda.

Tiltak som får tilskott etter [Forskrift om tiltak i beiteområde](#) inneber i stor grad oppføring av faste installasjonar i utmark. Husdyrbeiting og installasjonar i utmark vedkjem også brukargrupper utanfor landbruket. Ved planlegging og gjennomføring av tiltak er det viktig med dialog og samhandling med andre brukargrupper som eventuelt blir omfatta av tiltaket. Aktuelle brukargrupper kan vere organisasjonar og næringsdrivande innanfor landbruk og reindrift, grunneigarar, hytteeigarar, turistnæring og idrettslag.

Kommunen må sikre at tiltak som får tilskott ikkje er i strid med anna lovverk, her under t.d. naturmangfaldlova og kulturminnelova.

Der det ligg føre relevante godkjende planar (beitebruksplanar, tiltaksplanar m.m.) bør tiltaka vere i samsvar med slike.

Tiltak for å redusere tap og konfliktrar knytt til rovvilt vert dekt over såkalla FKT-midlar, jf. [Forskrift om tilskott til førebyggjande tiltak mot rovvilt-skadar og konfliktdepande tiltak](#) av 1.01.2003. Denne forskrifta vert forvalta av Statsforvaltaren. Dersom det oppstår tvil om kor vidt føremålet med ein søknad primært er innanfor FKT-ordninga, bør dette avklarast nærmare med søkjar som ev. bør få rettleiing om framgangsmåte for søknad om slike midlar.



Vilkår for tilskott (§ 2)

Tilskot etter denne forskrifta kan gjevast til lag eller foreiningar (beitelag, grunneigarlag, radiobjøllelag) som er registrerte i Einingsregisteret, som driv næringsmessig beitedrift og som set i verk investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde.

Stat, fylke eller kommune kan i medhald av § 2 ikkje gjevast tilskott, med mindre det vert gjort i form av dispensasjon etter § 9. Det er likevel aktuelt at kommunar tek initiativ til utarbeide beitebruksplanar i samarbeid med næringa og ev. andre brukarinteresser. I dei tilfella kommunar set i gang slike prosjekt (planleggings- og tilretteleggingsprosjekt) kan ein ev. søkje og tildele tilskott gjennom dei beitelaga som deltek i prosjektet.

Tilsvarende gjeld for føretak som har rett på produksjonstilskot etter § 2 i [Forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket](#) der det på grunn av naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid. Ein kan ikkje gi støtte til stat, fylke eller kommune med mindre det blir søkt gjennom lag og foreining der også éin eller fleire eigedommar med rett til tilskot er med.

Det kan ikkje givast tilskot til investeringstiltak og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjekt i beiteområde som er leigd for ein periode mindre enn 10 år. Når det gjeld vilkåret i tredje lekken av forskrifta om 'langsiktighet' ved leige av beiteområde, kan kommunen legge vekt på at leigekontraktane er langsiktige og kor lang resterande leigeperiode er ved prioritering av søknader.

Ein kan gi avslag på tilskot dersom arbeidet med investeringstiltaket er påbyrja før søknaden er handsama.

Det kan ikkje givast nytt tilskot til same type investeringstiltak før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar. Dette gjeld ikkje for tilskot til elektronisk overvakingsutstyr.

Dersom eit tiltak medverkar til utnytting av beiteområde som elles ikkje ville blitt nytta eller medverkar til å oppfylle føremålet i forskrifta, kan kommunen vurdere å gi dispensasjon, jf. § 9 i forskrifta.

Det er en føresetnad for tilskott til faste installasjonar at det er innhenta løyver frå eller avtalar med grunneigarar eller andre som har rettar i det aktuelle beiteområdet, dersom tiltaket kan tenkjast å få følgjer av tiltaket.



Kva det kan gjevast tilskott til

Tilskottet er delt i to ulike grupper tiltak (A) Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt, og (B) Tilskott til investeringar knytt til utmarksbeite.

Ad. A: Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

Dette kan vere ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk, og kan omfatte m.a.:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan medverke til effektiv og god beitebruk
- Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan m.m.) for utmarksbeite
- Vegetasjonskartlegging

Ad. B: Tilskott til investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk

Tilskott kan gjevast til investeringar i faste installasjonar og anna utstyr knytt til beitebruk i utmark.

Innanfor desse rammene kan tilskott gjevast til alle tiltak som fremjar beitebruken i eit område.

Ulike typar faste og mobile investeringstiltak kan vere (lista er ikkje uttømande):

- **Sperregjerde**
Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerde kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jarnveg, tettbygd strok og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskott skal normalt ikkje løyvast til dette. Heller ikkje skal det gjevast tilskott til gjerde mellom innmark og utmark som fell inn under [Lov om grannegjerde](#).
- **Ferister**
Ferister må vere av godkjent fabrikkat eller bygd etter standardteikningar.
- **Bruer**
Det kan gjevast tilskott til bruer som er dimensjonerte for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslaget eller tilskottsdelen reduserast tilsvarende.
- **Gjetarhytter**
Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m² med kvadratmeterpris som svarar til gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard



i det aktuelle området.

- **Sanke- og skiljeanlegg**
- **Anlegg/rydding/ utbetring av driftevegar**
- **Saltsteinsautomatar**
- **Transportprammar**
- **Elektronisk overvakingsutstyr** (radiobjøller, lammenodar, merkesavlesarar, FindMySheep, dronar m.m.)
- **Elektronisk gjerde** (t.d. av typen Nofence)

Fristar for gjennomføring av tiltak, jf. § 5, gjeld også planleggings- og tilretteleggingsprosjekt.

Utrekning av tilskott (§ 3)

Forskrifta seier at det kan givast tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag ved investeringstiltak.

Ved innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr kan det givast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. Dette gjeld for inntil 50 % av dyretalet i beitelaget/besetninga.

For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan det givast tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag.

Maksimalsatsar for tilskott er fastsette ut i frå at investeringane skal ha eit næringsføremål som gir grunnlag for å legge inn eiga finansiering og/eller eige arbeid i tiltaket.

Kommunen vurderer og kan fastsetje tilskottsandelen i kvar einskild sak, innanfor rammene som er gitt i § 3 i forskrifta. Ut i frå godkjent kostnadsoverslag og tilskottsandel bestemmer ein eit maksimalt tilskottsbeløp som vert spesifisert i vedtaksbrevet.

Kommunen skal fastsetje nærmare retningslinjer for tilskottsandel til ulike typar tiltak ut i frå kva som vert vurdert som mest føremålstenlege tiltak vurdert med utgangspunkt i lokale forhold.



Søknad og utbetaling (§ 4)

Du søker om tilskotet via skjema i Altinn:

(<https://info.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-tiltak-i-beiteomrader/>)

I skjemaet skal følgjande opplysingar registrerast:

- kven som søker
- kontonummer
- opplysningar om beitedyr og beiteområde som er påverka av tiltaket
- opplysningar om tiltaket
- kostnadsoverslag
- finansieringsplan

I tillegg kan det vere krav om å leggje ved vedlegg

- kart der tiltaket er teikna inn dersom søknaden gjeld fast installasjon i beiteområde
- kopi av avtalar/løyve
- planar som gjeld for beitebruken i området (tiltaksplan, områdeplan, beitebruksplan m.m.)
- andre relevante vedlegg

Dersom du ikkje kan søkje digitalt, kan ein bruke skjemaet *Søknad om tilskot til tiltak i beiteområde (LDIR-431)* og sende søknaden på e-post (post@stranda.kommune.no), eller i vanleg post til kommunen.

Dersom eit tiltak vil strekkje seg over to eller fleire kommunar, skal søknaden sendast til den kommunen som er mest påverka av tiltaket.

Søknad skal omfatte **kostnadsoverslag** og **finansieringsplan**. Kostnadsoverslag for faste installasjonar vil normalt omfatte materialkostnader og arbeidskostnader (eige og leigd arbeid). Når det gjeld elektronisk overvakingsutstyr vil godkjent kostnadsoverslag i dei fleste tilfelle svare til innkjøpspris. For planleggings- og tilretteleggingsprosjekt kan kostnadsoverslaget også omfatte andre kostnader som t.d. lønnsutgifter og kjøp av tenester.

Dersom tilskottsmottakar ikkje har frådragsrett for inngåande meirverdiavgift, kan meirverdiavgift inngå i kostnadsoverslaget og i grunnlaget for utrekning av tilskott. Det er lagt inn sjekkpunkt i Agros slik at dette blir korrekt i søknadene.

Kommunen utbetaler innvilga tilskot etterskotsvis når tiltaket er gjennomført. Dersom kostnadene til gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet blir lågare enn godkjent kostnadsoverslag, blir tilskotet redusert tilsvarande.



KOM – xxx/24
FOR – xxx/24
MK – xxx/24

Det kan gjennomførast utbetalingar på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som deler av tiltaket eller prosjektet blir utført. Minst 25 % av tilskottet skal haldast tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent.

Dokumentasjon vil normalt vere kopi av betalt faktura for innkjøp av materialar/utstyr eller kopi av betalt faktura frå entreprenør eller annan oppdragstakar. Eige arbeid må dokumenterast med timelister.

Dersom kostnadene for gjennomføring av tiltaket blir høgare enn det som er lagt til grunn for vedtaket er utbetaling likevel avgrensa til tildelt tilskott. Dersom kostnadene blir lågare enn ein har kalkulert med vert tilskottsbeløpet redusert i samsvar med tilskottsandelen.

Frist for gjennomføring av tiltak (§ 5)

Fristane som er gitt i § 5 gjeld gjennomføring av sjølve tiltaket. Frist for gjennomføring av investeringstiltaket og/eller planleggings- og tilretteleggingsprosjektet er 3 år frå tilskott blir innvilga, med mindre kommunen har sett ein kortare frist ved løyving til søknaden.

Kommunen kan etter søknad lengje gjennomføringsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskottet vart innvilga.

Dokumentasjon for fullført tiltak kan sendast inn etter fristen. I samband med vedtak om tilskott vil det bli sett ein frist for innsending av dokumentasjon for fullført tiltak.

Fristen er en del av føresetnaden tildeling av tilskottet. Dersom fristen ikkje vert halde kan kommunen krevje utbetalt forskott på tilskott tilbake, jf. kommentarar til § 7.

Opplysningsplikt og kontroll (§ 6)

Første lekk inneber at alle søkjarar av tilskott pliktar å gi dei opplysningane som kommunen finn naudsynt i samband med forvaltning av ordninga. For lag og foreiningar er det kontaktperson i samsvar med einingsregisteret som er å sjå på som ansvarleg søkjar.

I kriteriet for naudsyn ligg det at opplysningsplikt ikkje er uavgrensa og at berre relevante opplysningar kan krevjast. Typisk vil dette dreie seg om grunnlagsmateriale for å kunne fatte vedtak om tilskott, men også dokumentasjon som gjer det mogleg å gjennomføre ein effektiv kontroll av om tilskottsutbetalinga er i samsvar med forskrifta.

Med heimel i andre lekken kan kommunen også kontrollere bokføring, korrespondanse



og notat hjå føretaket som vedkjem tilskotta. Kontrollen kan gjennomførast på staden hos føretaket, jf. tredje lekken.

Når det gjeld kravet om stadfesting frå revisor, er dette teke med som ein "kan-bestemmelse" i andre lekken, andre punktum.

Omgjering og tilbakebetaling (§ 7)

Denne delen av føresegna gir heimel til å gjere om vedtak om tilskott dersom det vert avdekt tilhøve som er i strid med det som er føresetnadene ved tildeling av tilskottet. Dette kan vere når det aktlaust eller med vilje er gitt feil eller mangelfulle opplysningar i søknad eller rapportering, når tiltaket er gjennomført på ein annan måte enn føresett, eller det på annan måte er tilhøve som har medverka til urettmessig utbetaling av tilskott. Dersom frist for gjennomføring av tiltaket ikkje blir halde, kan dette også gi grunnlag for å gjere om vedtak om tilskott.

Dersom det ved ein feil frå forvaltninga (kommunen) si side er utbetalt for mykje tilskott er dette også i strid med føresetnadene for tilskottet.

Når det er fatta vedtak om omgjering kan kommunen fatte vedtak om at heile eller deler av alt utbetalt tilskott vert kravd tilbake i samsvar med føresegnene i § 8.

Det følgjer av forvaltningsrettslege prinsipp at ved feilutbetalingar i disfavør av mottakar skal dette rettast opp ved tilleggsutbetaling.

Innkrevjing av tilbakebetalingsbeløp m.m. (§ 8)

Når det er fatta vedtak om tilbakebetaling i samsvar med § 7 kan dette skje anten ved innkrevjing eller motrekning. Under dette kan det motreknast i seinare tilskottsutbetalingar av tilskott til investeringar i beiteområde eller i utbetalingar av andre tilskott.

Krav som spring ut av andre tilskottsordningar kan også motreknast i utbetalingar av tilskott til tiltak i beiteområde.

Krav overfor lag og foreiningar kan ikkje motreknast i tilskottsutbetalingar til medlemmer. Tilsvarende kan ikkje krav overfor medlemmer motreknast i tilskott til lag eller foreining. Når kommunen har fatta vedtak om tilbakebetaling vil fagsystemet automatisk generere og sende ut faktura på kravet.

Krav om tilbakebetaling er kan bli forelda i samsvar til foreldingslova. Foreldingsfrist er normalt tre år, med dei unntak som går fram av lova. Forelding vert rekna frå det tidspunktet vedtak om tilbakebetaling er fatta.



I siste lekken er det gitt reglar for fastsetjing av renter på tilbakebetalingsbeløp. Dersom det kan godtgjerast at mottakar har vore i aktsam god tru skal det ikkje krevjast renter. For å fastsetje frå kva tidspunkt renter skal leggjast til må kommunen vurdere kor vidt det ligg føre høvesvis aktløyse, grov aktløyse eller forsett.

Dersom det blir aktuelt å krevje renter på tilbakebetalingsbeløp innanfor denne ordninga, tek kommunen kontakt med Landbruksdirektoratet for å avtale praktisk gjennomføring.

Administrasjon, dispensasjon og klage (§ 9)

Vedtak om tilskott vert fatta av kommunen.

Kommunen må syte for dokumentasjon for at tiltak er gjennomført, og her under vurdere om det er naudsynt med synfaring. Sluttutbetaling av tilskott kan ikkje gjerast før tiltaket er stadfesta gjennomført.

Kommunen skal fastsetje retningslinjer for ordninga.

Statsforvaltaren må gjere tilskottet og eventuelle prioriteringar kjende for aktuelle søkjarar ved utlysing av midlar.

Ved klage på vedtak vurderer kommunen om klagen skal takast til følgje. Dersom kommunen held fast på vedtaket sitt skal klagen senast til Statsforvaltaren for avgjerd.

Stranda kommune sine utfordringar m.o.t. beitebruk i utmark

Stranda kommunen har mykje godt utmarksbeite. I 2023 starta arbeidet med å kartlegge beitekvaliteten i regi av NIBIO.

For lågt beitetrykk i deler av beiteområda

I dag er det stort sett berre på mindre bruk at ein har saueproduksjon. Det totale beitetrykket i utmark er ein del stadar for lite til at ein klarar å opprettehalde tidlegare beite i utmark. Resulatet er attgroing. Det er difor svært viktig at vi brukar dei verkemidla som *Tiltak i beiteområde* gir for å stimulere til auka bruk av utmarksareala.

Regionale prioriteringar for landbruksmidlar

Møre og Romsdal har dei seinare åra vore utelukka frå å søkje tilskotsmidlar til nyoppføring av driftsbygningar til sau. Regelverket er noko liberalisert i 2024. Fornying av driftsapparatet er viktig for å stimulere til auke i småfehaldet i Stranda.



KOM – xxx/24

FOR – xxx/24

MK – xxx/24

Rovdyrskadar

Det har vore ein del rovdyrskade i Stranda dei siste åra, i alle hovudssak grunna jerv.

Regelverket som styrer reguleringa av rovdyr er i liten grad definert av kommunen. Det er difor slik at ein stort sett berre må forhalde seg til overordna rovdyrpolitikk.

Dei elektroniske hjelpemidlar (droner, NoFence m.m.) som etter kvart er komne på marknaden kan gi betre tilsyn med dyra og dermed redusere skadepotensialet til ein viss grad. Stranda har difor byrja å bruke ordninga Tiltak i utmark til investeringar i denne type tiltak, men har førebles halde låge satsar i ein oppstartperiode for å sikre at desse hjelpemidlane har den nytteverdien vi må vente. Kommunen er innstilt på at satsane for tilskot til denne type hjelpemiddel kan regulerast opp dersom vi set at effektane på dyrevelferd er gode og skadepotensialet av roddyr kan minskast ved å ta dei i bruk.



KOM – xxx/24

FOR – xxx/24

MK – xxx/24

Vedlegg:

Fordeling på tiltaksgrupper og rettleiande støttesatsar

Type tilak	Prioritet	Gjennomsnitts-andel (%)	Prioriterte søknader innanfor temaet	Rettleiande støttesats (%)
Sperregjerde	4	15	Eit sperregjerde skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet. Sperregjerde kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jarnveg, tettbygd strok og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskott skal normalt ikkje løyvast til dette. Heller ikkje skal det gjevast tilskott til gjerde mellom innmark og utmark som fell inn under Lov om grannegjerde.	10-30
Ferist	5	10	Ferister bør vere av godkjent fabrikk eller bygd etter standardteikningar.	10-30
Bruer	2	10	Det kan gjevast tilskott til bruer som er dimensjonerte for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller tilskottsdelen reduserast tilsvarende.	10-30
Gjetarhytter	8	5		Inntil 10
Sanke- og skiljeanlegg	1	15	Innretningar (grindar, stengsel) som gjer det enklare å samle dyr ved innsaking for vidaretransport.	10-40
Anlegg/rydding/utbetring av driftevegar	6	5	Veganlegg etablert for å leie dyr til og frå beite.	10-30
Saltsteins-automatar	10	5	Mineralstein (slikkestein) for tilførsel av essensielle mineral.	10-20
Transport-prammar	11	10	Dette kan omfatte innretningar nytta for transport av dyr til beiteområde der transport på sjø er einaste/enklaste tilkomstveg	10-20
Elektronisk overvakings-utstyr	7	5	Radiobjøller, lammenodar, merkesavlesarar, FindMySheep,	Inntil 30



KOM – xxx/24

FOR – xxx/24

MK – xxx/24

Type tilak	Prioritet	Gjennomsnitts-andel (%)	Prioriterte søknader innanfor temaet	Rettleiande støttesats (%)
Dronar	9	5	Dronar eigna for slik bruk	Inntil 30 Max 10 000
Elektronisk gjerde	8	5	T.d. av typen Nofence	Inntil 30
Planleggings- og tilretteleggings-prosjekt	3	10	- Dette kan vere ulike typar prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk. Dette kan m.a. omfatte: - Planlegging og prosjektering av faste installasjonar - Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde - Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita - Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan medverke til effektiv og god beitebruk - Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan m.m.) for - Utmarksbeite	10-30

Støttesatsane kan variere frå år til år, og det har m.a. følgjande årsaker:

- Endringar i rammevilkår (storleiken på overføringa til ordninga frå Landbruksdirektoratet)
- Fylket si prioritering *mellom* kommunane i fylket
- Tal søknader som kjem inn til kommunen, og storleiken på desse
- Prioriteringa i kommunen (Rådgevingande gruppe – samansetjinga av gruppa kan endrast) – streng prioritering vs. ”ostehøvel-prinsipp”, særlege prioriteringar i einskildår (”kampanjar”) m.m.

Støttesatsane er difor berre *retteleiarande*.

Satsar for eigeninnsats vert reviderte årleg saman med standardsatsar for ulike tiltak, t.d. pr. løpemeter gjerde, pr. arealeining, og publiserte på heimesida ved utlysing av tilskotsordninga.



Kjelder:

- FOR-2013-02-04-206 Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder
- Rundskriv 2019-45: Forvaltning av forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder (Landbruksdirektoratet)

